

Vegval: **AKTIV**

Open hall

I samarbeid med stiftelsen Meland Aktiv, kvernbit IL, NHIL, Framsteg UL og frivillige vil vi starta tilbod om open hall i delar av skuleferiane. Vi gjennomfører eit prøveprosjekt i vinterferien for å sjå på behova og tilpasse oss. Tilbodet skal vera gratis.

Vi ønskjer å tilby open hall i Meland Aktiv som eit tilbod for barn frå 4 klasse og oppover (over SFO-alder), med innslag av organisert aktivitet frå ulike klubbar og lag. Dette kallar vi kurs, og en eit ledd i opplæringa til ungdommar i klubbane: å få meir ansvar og lede ein aktivitet i idretten sin. Dei vil få ein kompensasjon for å drive aktiviteten i form av eit gavekort på ein sportsbutikk eller som ei støtte til klubben. Dette vil og gje den organiserte idretten ein rekrutterings-arena, og vil hjelpe med førebygging av ein situasjon kor open hall vert sett på som konkurrent til organisert idrett.

For å sikre at dette tilbodet når alle vert det sendt ut informasjon gjennom skolane så vel som på kommunen sine sider. Det vert og jobba i knutepunktsgruppa (kultur, barnevern, PPT, psykisk helse, helsestasjon, flyktingetenesten og NAV) før kvar feire for å gjera medarbeidarane der kjent med tilbodet slik at dei kan ha ein meir pådrivar-rolle mot sine brukargrupper for å nå ut til dei barna som har størst behov for slike tilbod.

Vi vil leggja til rette for at det skal vera gratis frukt tilgjengeleg på arrangementet for å sikra at dei mest utsette barna får i seg det dei treng til å holde seg i aktivitet, men utan å lage ei stigmatiserande og ressurskrevande ordning.

Vi vil etter testen i vinterferien ta stilling til pom det skal utvidast til å vere tilbod på dei lokale skolane.

Vegval: **AKTIV**

Turkort

For å senke terskelen for å komma seg ut på tur i nærmiljøet og for å utvida tur repertoaret for alle familier og spesielt med tanke på familiar med barn som er tilflytta og ikkje har så stor kjennskap til friluftsområda i kommunen, vil vi laga eit tur-klyppekort. 5-7 turar vil væra på Melandskortet, og klypparar med ulike symbol skal kjøpast inn og leggest ut i turkassar.

Løypene skal registrerast med GPS og leggest inn i UT.no sin base med bilde og beskrivingar av turen. Alle som leverer inn kortet vil få ei pin (Tur-knappen), og er med i trekking av premie.

Det skal utformast og produserast kort (i solid materiale), tur-knappar, plakatar og kart. Prosjektet kan vidareførast til neste år med endring i fargen på kortet, og utvidast til andre turar ved behov.

Vegval: **AKTIV**

Integreringskontaktar i lag og organisasjonar

I samarbeid med Meland Idrettsråd vil jo starte eit prosjekt som heiter "integreringskontakt" i idrettslag, ungdoms- og grendalag. Dette er retta spesielt mot dei som har ulike psykiske eller fysiske utfordringar, busette flyktningar, eller andre som treng litt hjelp til å koma i gang.

Inkluderingskontakten har ansvar for:

- Ta i mot, vise fasilitetar og introdusere vedkomande til rette aktivitet første gong dei kjem.
- Sørge for kontakt mellom personar /pårørande/ tenester og trenar/aktivitetsleiar i klubben.
- Være kontaktperson for personar/pårørande eller tenester som ønsker informasjon om klubben sitt tilbud til personar med nedsett funksjonsevne, flyktningar eller andre som treng ekstra tilrettelegging.
- Gjerne bringe saker inn for styret som angår inkluderings tiltak.

Framdriftsplan

- Audun Haaland (Hordhordland Padleklubb og Meland Idrettsråd) tar opp saka på Idrettsrådet sitt møte/årsmøte.
- Annonserer midlar til inkluderingsprosjekt av busette flyktningar i kommunen kor det er eit ønske om å ha etablert inkluderingskontakt.
- Februar – mars – april. Gjere prosjektet kjent gjennom media.
- Mars – april: få lag og org til å ta dette inn i årsmøta sine.
- April/mai: Kurs/kick-off arrangement for alle inkluderingskontaktane. Dette arrangementet skal gi inspirasjon og verktøy for korleis lag og org. skal arbeide for å få ein indre kultur som er positiv for dei som er ny i klubben.